

Volda Høgre



Program for Volda Høgre 2023–2027

For alle

“Ingen er så stor at ein ikkje må tøye seg, ingen er så lav at ein ikkje må bøye seg”

(norsk ordtak)

Innhold

Volda Høgre vil ha moglegheiter for alle.....	3
Saman er vi sterkare.....	4
Volda kommune i vekst.....	5
Ti gode grunnar til å stemme Høgre ved kommunevalet i Volda.....	6
1. Barnehagar og skular - til barnet og eleven sitt beste.....	7
2. Gode helsetenester og ei trygg eldreomsorg.....	8
3. Førebygging, tidleg innsats og rask psykisk helsehjelp.....	9
4. Gode bu- og oppvekstmiljø.....	10
5. Ei aktiv kommune som spelar på lag med deg.....	11
6. Aktivt samarbeid med næringslivet og institusjonane våre.....	12
7. Eit rikhaldig kultur- og fritidstilbod til alle.....	13
8. Eit parti som bind sentrum og bygdene saman.....	14
9. Ei stødig driven kommune med valfridom.....	15
10. Vi arbeider for at du skal behalde meir av eiga inntekt og eigne verdiar.....	16
Volda Høgre sin planstrategi.....	17
Volda Høgre sin økonomiske strategi.....	18



Volda Høgre vil ha moglegheiter for alle

Bakgrunnen din skal ikkje ha noko å seie for moglegheitene dine i Volda kommune

Volda Høgre vil at du som innbyggjar skal bu i ei kommune som er på lag med deg.

Vi vil alltid lytte til deg som innbyggjar for å forstå kva for behov og ønske du har.

Alle innbyggjarar og alle delar av kommunen er like viktige for Volda Høgre.

I godt samarbeid med administrasjonen og alle tenesteområda i kommunen får vi gitt moglegheiter for alle.

Volda Høgre tilbyr deg stødig styring av kommunen og gradvise forbetringar.

Høgre sin ideologi

Høgre bygger samfunnet på *tillit til* og *respekt for* enkeltmennesket.

Kvar enkelt skal ha størst mulig fridom til og ansvar for å forme sitt eige liv og si eiga framtid basert på respekt *for andre* og *for fellesskapet*.

Samfunnet er menneske med ulik kulturell bakgrunn. Volda Høgre meiner at mangfald og ulikskap er ei kjelde til utveksling av idear, fornying og kreativitet. Valfridom er ein naturlig del av å kunne bestemme over eige liv.

Samfunnet og fellesskapet er til for å styrke enkeltmennesket.

Volda Høgre er ei gruppe av lokalt engasjerte menneske som vil kvarandre og sine medborgarar vel.

Saman er vi sterke

- **Volda Høgre vil** - prioritere god oppvekst og opplæring, ei trygg omsorg, ein god alderdom, og rask tilgong til tenester - **kommunale kjerneoppgåver**.
- **Volda Høgre vil** - prioritere stødig styring og trinnvise forbetringar i drifta av Volda kommune slik at vi lagar oss handlefridom.
- **Volda Høgre vil** - stå for eit godt og konstruktivt samarbeid med administrasjonen, dei tilsette, dei andre politiske gruppene, fylkeskommunen og sentrale mynde.
- **Volda Høgre har** - sterk tru på vekstskapande samarbeid med institusjonane, næringsaktørane, frivillige organisasjonar og enkeltmenneske.

La oss saman sette Volda kommune på kartet

Volda kommune i vekst

Volda kommune slik vi kjenner den i dag, oppstod ved samanslåing av Volda og Hornindal kommuner frå 1.1.2020, og ved grensejustering som inkluderte Bjørke og Viddal i Volda kommune frå same dato.

I intensjonsavtalen som ligg til grunn for samanslåinga mellom Volda og Hornindal kommuner heiter det **mellom anna**:

«Volda og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og ufordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet».

Dåverande regjering sine uttalte mål om kommunereforma, var å

- gi eit grunnlag for sterke kommunar
- som kan ivareta velferdsoppgåver no og i framtida, og
- sikre gode lokalsamfunn for innbyggjarane.

Reforma bidreg til

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Volda Høgre ønskjer å vidareføre dei **intensjonane** som ligg til grunn for samanslåinga og grensejusteringa. Vi vil at **same prinsippa** skal ligge til grunn for alle delar av kommunen.

Volda Høgre samsnakkar gjerne med gode naboar om struktur og utvida samarbeid dersom det fell naturleg.



Ti gode grunnar til å stemme Høgre ved kommunevalet i Volda

1. Barnehagar og skular til barnet og eleven sitt beste
2. Gode helsetenester og ei trygg eldreomsorg
3. Førebygging, tidleg innsats og rask psykisk helsehjelp
4. Gode bu- og oppvekstmiljø
5. Eit rikhaldig kultur- og fritidstilbod til alle
6. Eit parti som bind sentrum og bygdene saman
7. Ei aktiv kommune som spelar på lag med deg
8. Aktivt samarbeid med næringslivet og institusjonane våre
9. Ei stødig driven kommune med valfridom
10. Vi arbeider for at du skal behalde meir av eiga inntekt og eigne verdiar

1. Barnehagar og skular – til barnet og eleven sitt beste

Vår plattform

Alle born og elevar skal ha fått moglegheita til si beste utvikling gjennom barnehage og grunnskule i Volda kommune. Alle elevar skal kunne lese, skrive og rekne på sitt beste når dei går ut av skulen.

Born og elevar som treng hjelp må fangast opp tidleg. Det vil gi mindre fråfall og mindre utanforskap.

Volda Høgre vil at alle skal kunne fullføre videregående opplæring. Målet er at innan 2030 skal minst 9 av 10 elevar fullføre videregående opplæring. Grunnlaget vert lagt i grunnskulen.

For å nå ambisjonane, må vi lytte til og satse på pedagogane. Læraren er den viktigaste enkeltfaktoren for elevar si læring. Dei må få tid til å sjå kvar enkelt elev slik at dei kan gi tilpassa undervisning. Endringar i skulen må skje i nært samarbeid med leiarane og pedagogane.

Kommunen sin **Oppvekstplan sektor Oppvekst 2022-2027** ligg mellom anna til grunn for området.

Volda Høgre

- Volda Høgre vil prioritere å ha overordna og dynamiske planar på området som vi faktisk arbeider etter.
- Det er ei målsetting å oppretthalde barnehage- og skuletilboda så nær heimen som mogleg, særleg for dei yngste.
- I dei tilfella der endring eller nedlegging av barnehage- eller skuletilbod må vurderast, skal borna og elevane sitt beste og kvaliteten i tilboden vektleggast sterkare enn kommunen sin økonomi.
- Volda Høgre legg til grunn nasjonale normer for bemanning i barnehage og skule.
- Vi er positive til dei eksisterande privateigde aktørane vi har innan barnehage og skule i kommunen.

2. Gode helsetenester og ei trygg eldreomsorg

Vår plattform

Eldre som mottek tenester i heimen skal oppleve trygghet, trivsel og kvalitet i tenestene, uavhengig om det er heimebasert eller institusjonsbasert.

Institusjonane skal vere ein stad for å leve eit godt liv med aktivitet og fellesskap, ikkje berre ein opphaldsstad for behandling og pleie. Helse- og omsorgstenestene i kommunen har ansvar også for andre viktige grupper av pleie- og omsorgstrengande. Prinsippa om trygghet, trivsel og kvalitet i tenestene, gjeld også for desse gruppene.

Volda Høgre er innforstått med at vi har ein aukande del av eldre i befolkninga. Vi må difor frigjere og sikre ressursar til å kunne yte naudsynte tenester til fleire.

Fastlegeordninga har utfordringar som går langt utover Volda kommune. Volda Høgre vil ha aktivt samarbeid med alle politiske parti og administrasjonen for å sikre at denne grunnsteinen i helsetenestene våre fungerer.

For å nå ambisjonane, må vi lytte til, stole på og satse på leiarar og tilsette i tenestene. Endringar i tenestene må skje i nært samarbeid med dei som yter tenestene.

Volda kommune sin **Strategiplan Leve heile livet 2022-2034** og **Kommunedelplan helse- og omsorg 2022-2034** ligg til grunn for arbeidet.

Volda Høgre

- Volda Høgre vil prioritere å ha overordna og dynamiske planar på området som vi faktisk arbeider etter.
- Vi vil vidareføre og vidareutvikle opne brukar- og pårørandekartleggingar som del av forbettingsprosessane.
- Trygg eldreomsorg skal starte tidlig i folk sine liv, legge godt til rette for den enkelte, baserast på heimar så lenge som mulig og gi den enkelte valfridom der det er mulig.
- Det er ei målsetting å oppretthalde strukturen på institusjonsplassar og omsorgsbustadar i kommunen.
- Volda Høgre meiner at kommunen skal legge til rette for fleire og rimelege bustader tilpassa eldre og andre med behov, gjerne i moderne former for bufellesskap.
- Ved heimebasert omsorg må vi unngå for hyppig skifte av personell. Kjende personar og kjende rutiner er med på å skape trygghet.
- Legge til rett for aktivitets- og fritidstilbod for ulike interesser.
- Volda Høgre vil støtte og halde fram initiativa for faste stillingar, høgare stillingsdelar og etterutdanning etter behov.
- Det gode samarbeidet med sjukehuset må halde fram og stimulerast.
- Volda Høgre støttar frivillige organisasjonar og andre private tilbod som kan gi større moglegheiter og større valfridom for den enkelte.

3. Førebygging, tidleg innsats og rask psykisk helsehjelp

Vår plattform

Førebygging av helsevanskar er eit satsingsområde for Høgre.

Rask innsats når behovet er der er avgjerande for å unngå langvarige verknader.

Når situasjonen er der i dag, så er tersklane for høge og ventetida er for lang. Du skal få hjelp når du treng det, før små problem får vekse seg store.

Vi må satse på gode og lett tilgjengelige tilbod med kort ventetid, utan krav om tilvising frå legen.

Volda Høgre vil difor ha fleire lavterskeltilbod og fleire psykologar.

For å nå ambisjonane må vi stimulere god tverrfagleg samhandling og godt samarbeid med dei andre tenesteområda i kommunen.

Volda kommune sin **Kommunedelplan helse- og omsorg 2022-2034**, kapittel **Rus- og psykisk helseteneste**, ligg mellom anna til grunn for arbeidet.

Volda Høgre

- Psykiske helseproblemer er aukande. Dette krev at vi får til eit breidt politisk forlik i kommunen om å ha nok kapasitet og kompetanse som er nær dei som treng det.
- Vi leitar etter moglegheiter for å frigjere ressursar slik at vi kan utvide og gjøre lettare tilgjengeleg viktige tenester slik som psykologtenesta, skulehelsetenesta og PPT-tenesta.
- Volda Høgre vil at kommunen skal söke på Helsedirektoratet si lavterskelordning "Rask psykisk helsehjelp".
- Det er fleire gode miljø og initiativ i Volda kommune som vi vil stimulere til å halde fram, inkludert i dette også miljørbeidrarar i skulen.
- Vi har sterkt tru på tverrfagleg samarbeid og vil stimulere til dette.
- Ungdata må gjennomførast planmessig. Det bør vurderast om Volda skal verte MOT-kommune igjen.

4. Gode bu- og oppvekstmiljø

Vår plattform

Alle innbyggjarane i Volda kommune skal ha moglegheit til å etablere seg i den delen av kommunen dei ønsker.

Innbyggjarane i Volda kommune skal ha moglegheit over tid til å eige sin eigen heim.

Det er ei målsetting for Volda Høgre å gjøre kvardagen enklare for den enkelte og for familier. Dette inkluderer også at tenestene ideelt sett skal vere tilgjengelege så nær bumiljøa som råd.

Volda Høgre er positiv til alle former for tiltak i nærmiljøa i både privat og offentleg regi som stimulerer til aktivitet, trivsel og folkehelse.

Når interessene står mot kvarandre, må viktige landbruksområde vernast mot bygging, og enkelte område bør vernast mot utbygging av miljøomsyn, særleg gjeld dette myrområde og vassnære område.

Volda Høgre vil ha ein klimapolitikk som bidrar til å kutte utslepp, men ikkje kutte i utviklinga, verken for innbyggjarane, næringslivet eller kommunen sjølv.

Høgre vil gjøre det lettare å velge miljøvennlig, anten det er å betre kollektivtilbodet der du bur eller gode energilosningar i heimen.

Store delar av planverket i kommunen, overordna og detaljert, gir sentrale premissar for å få gode bu- og oppvekstmiljø.

Volda Høgre

- Vi har alle eit ansvar for å skape gode bu- og oppvekstmiljø.
- Målsettinga er at det skal vere tilgjengelege tomter i alle delar av kommunen.
- I sentrumsområda skal det alltid vere tilgang på tomter.
- Volda Høgre har ei positiv innstilling til spreidd busetting på bygdene.
- Volda Høgre vil stimulere frivillige lag, organisasjonar og enkeltpersonar og deira bidrag til gode bumiljø.
- Volda Høgre rosar og vil framleis rose det gode arbeidet som er gjort med tilrettelegging for frilufts- og fritidsaktivitetar fleire stader i kommunen.
- Volda Høgre er på enkelte vilkår positive til turveg rundt Rotevatn når dette kan gjennomførast med ei miljø- og landbrukstilpassa regulering, avtalar med grunneigarar og innanfor eit akseptabelt budsjett.
- Volda Høgre vil at kommunen som innkjøpar og brukar skal vere miljøvenleg.

5. Ei aktiv kommune som spelar på lag med deg

Vår plattform

Vi må alle ta ansvar for at vi har god utvikling i Volda kommune.

Kommunen er ein svært viktig tilretteleggar for all aktivitet i kommunen.

Volda Høgre vil at kommunen skal vere i forkant med planverk som legg til rette for samfunnsutvikling i Volda.

Volda Høgre vil at kommunen skal ha ei positiv grunnhaldning til initiativ som skapar utvikling og framgang i Volda.

Volda Høgre er særleg positiv til frivillige lag og organisasjonar som tek initiativ til samfunnsutviklinga i stort og smått.

Volda Høgre

- Når du vender deg til kommunen med ei sak, skal du få svar.
- Du skal kunne vente å få “ja” til svar når du spør, men det kan vere at du vil få “nei”. I så fall skal du få ei god og grei forklaring på kvifor du ikkje vart imøtekomen og gode råd til kva du kan gjere annleis.
- For at kommunen skal kunne spele på lag med deg, må du ha vilje til å spele på lag med kommunen.
- Kommunen skal vere aktiv og kan ta eigne initiativ saman med andre med sikte på å skape utvikling.
- Lokaldemokrati vil vi ha, og demokrati veit vi at av og til tek litt lengre tid.

6. Aktivt samarbeid med næringslivet og institusjonane våre

Vår plattform

Gode lokalsamfunn krev arbeidsplassar og sterke bedrifter. Det er sentralt for vår velstand.

Volda Høgre vil alltid legge til rette for at nye jobbar vert skapte.

Vi lyttar til dei behova bedriftene har - innan alle næringar og alle delar av kommunen - og kjem med konkrete løysingar på korleis kommunen kan bli meir næringsvenleg, anten det handlar om å få tilgang på kvalifisert arbeidskraft, areal eller ei mer effektiv sakshandsaming.

Vi skal aktivt spele på lag med dei store og viktige institusjonane våre, slik som sjukehuset, høgskulen, vidaregåande skule og andre.

Landbruk er ei sentral næring i fleire delar av kommunen. Lønsemda er under press, og rekruttering har vore vanskelig gjennom lang tid. Høgre støttar opp under landbruket med å legge til rette der kommunen kan gjere det.

Høgre arbeider på alle plan og område for føreseielege forhold for næringsdrivande, også når det gjeld skattlegging.

Volda Høgre

- Volda Høgre vil at Volda kommune skal være ei næringsvenleg kommune som legg godt til rette for privat næringsliv - **innan alle næringar**.
- Volda Høgre vil at Volda kommune alltid skal planlegge slik at vi har tilgang på næringsareal.
- Volda Høgre tek ikkje lett på miljøutfordringar som kjem av næringsverksemder. Vi vil ha ein klimapolitikk som bidreg til å kutte utslepp, men ikkje stoppe utviklinga. Vi går inn i problemstillinga og finn løysingar saman med den som vil.
- Sjukehuset, Høgskulen og den vidaregåande skulen er nøkkelverksemder som vi legg til rette for, heiar på og samarbeider med på proaktivt vis.
- Volda har blitt ei stor landbrukskommune og vi må tilpasse tenestene til dette. Høgre er positive til alle initiativ som kan halde landbruket levedyktig og berekraftig.
- Volda Høgre støttar den aukande reiseliv, overnatting-, serverings- og utelivsbransjen og vil prioritere tilrettelegging for desse.
- Vi nyttar eit kvart høve til å formidle til alle kor viktige bedriftene - store og små - og dei sentrale institusjonane er i samfunnet vårt.
- Volda Høgre i posisjon vil vitalisere det praktiske samarbeidet mellom kommunen, organisasjonane og bedriftene.

7. Eit rikhaldig kultur- og fritidstilbod til alle

Vår plattform

På fritidsaktivitetar møter ein vener, har det gøy saman med andre og får viktige erfaringar.

I dag er det ikkje alle born og unge som får muligkeit til å bli med. Det er sårt å vere den eine som står utanfor fordi familien ikkje har råd. Det skal Høgre gjere noko med.

Med ei aukande gruppe eldre er det også behov for tilrettelegging av fritidsaktivitetar for godt vaksne og eldre.

Vi har - og vi må ha - allsidige fritidstilbod som gir moglegheiter for alle interesser.

For Volda Høgre er frivillig lag og organisasjonar heilt sentrale i eit velfungerande kultur- og fritidstilbod.

Det er for mange born som veks opp i lavinntektsfamilier. Vi må vurdere eit planverk for å systematisk vis forbetre situasjonen i kommunen.

Volda Høgre

- Volda Høgre vil at alle skal ha råd til å delta på minst ein fritidsaktivitet, og vil sjå etter konkrete løysingar for dette.
- Vi vil foreslå at kommunen vidarefører Fritidskonto og/eller utviklar eit Opplevelseskort til bruk for dei som treng økonomisk støtte til fritidsaktivitetar.
- Volda Høgre vil ha moglegheiter for alle og vil støtte aktivitetar, interesser og lokasjonar som er små i omfang, mindre synlige og/eller med færre aktive. Vi treng alle.
- Fotball, handball og volleyball er store klubbar med mange aktive, mange frivillige og vind i segla. Dette er, har vore og vil vere viktig framover for Volda og Høgre støttar desse.
- Frivillig arbeid er ein berebjelke i lokalsamfunna våre som vi vil stimulere og vise i praksis at vi treng dei og set stor pris på dei.

8. Eit parti som bind sentrum og bygdene saman

Vår plattform

Samhald vert skapt av oss som bur i Volda kommune.

Vi har fleire døme over heile kommunen på korleis vi kan skape flotte løysingar saman.

Gode vegar og kollektivløysingar er viktig for at folk og varer skal kome raskt og trygt fram.

Det handlar også om å bygge større bu- og arbeidsmarknad, som gjer at folk kan jobbe og bu der dei vil. Derfor vil Høgre bygge og vedlikehalde flere vegar og styrke kollektivtransporten som alternativ til bilen.

Vi vil støtte opp om arbeid med å ta vare på kultur og tradisjonar. Medviten bruk av kulturarven vår kan generere positiv aktivitet for heile kommunen og kommunen har etablert eit godt planverk for dette gjennom kommunedelplan.

I tillegg skal vi ha godt samarbeid og konstruktive samtalar med nabokommunene våre.

Volda Høgre

- Stemninga og ånda i intensjonsavtalen som vart inngått då dagens Volda kommune vart etablert skal framleis leggast til grunn i måten vi driv heile kommunen på.
- Innbyggjarane i Volda skal ha god informasjon om og tilgang til kommunale tenester, fysisk eller digitalt, i heile kommunen.
- Vedlikehald av kommunale vegar skal ha høg prioritet.
- Ferdigstilling av reguleringsplan for E39 Voldatunnelen skal prioriterast.
- Vi skal påvirke og samarbeide godt med ansvarlege mynde for andre samferdselsområde om Ørsta-Volda Lufthamn, om ferjetilbodet på Voldsfjorden, om utbygging av FV60 Grodås-Hellesylt, strekninga E39 Byrkjelo-Grodås-Svarstad, og andre viktige fylkesvegar og fjordkryssingar
- Volda Høgre vil prioritere tiltak for trafikktryggleik og mjuke trafikantar, slik som såkalla hjartesoner rundt skular, fotgjengarfelt, veglys osv.

9. Ei stødig driven kommune med valfridom

Vår plattform

Volda Høgre står for langsiktig tenking og stødig styring av kommunen på alle felt.

Stødig styring vil kreve at vi må prioritere - noko kan prioriterast, medan anna må prioriterast ned.

Volda Høgre vil alltid gjere sitt beste til å forklare innbyggjarane om prioriteringar ein må gjere og kvifor det må prioriterast slik. Ærleg og sakleg forklaring av fakta er sentralt i Høgre.

Vi bryr oss meir om kvaliteten i tenestene enn kven som driv dei. Vi skal alltid sikre at tilsette har ordna arbeidsvilkår.

Du skal i prinsippet ha fridom til å velge barnehage, vidaregåande skule, sjukeheim, heimehjelp og behandlingsalternativ sjølv.

Volda Høgre

- God styring over tid gir handlefridom til å løyse saker vi vil prioritere.
- I godt samarbeid med administrasjonen vil Volda Høgre syte for stødige politiske prosessar der viktige avgjerdsler vert tekne så samstemt som mulig slik at det vert solide fleirtal med aksepterte og varige løysingar.
- Volda Høgre sin ambisjon er at Volda kommune skal drivast minst så effektivt eller betre enn samanliknbare kommuner. Volda kommune er godt driven - kvifor ikkje vere litt ambisiøse på eigne vegne?
- Drift på nivå med eller litt betre enn andre kommuner, kan gi handlingsrom til å prioritere opp det vi vil ha meir av.

10. Vi arbeider for at du skal behalde meir av eiga inntekt og eigne verdiar

Vår plattform

Eigedomsskatt og kommunale avgifter skal haldast nede så langt råd.

Når det meste blir dyrare og renta aukar, må politikarar prioritere betre framfor å automatisk auke skattar og avgifter.

Dine skattepengar skal brukast på ein klok måte.

Vi vil verne om eigedomsretten din. Vi kan akseptere å gripe inn i den private eigedomsretten, men dette skal vere unntaket og det må vere grunngjeve i sterke allmenne interesser i kvar enkelt sak.

Volda Høgre

- Volda Høgre si målsetting er å halde eigedomsskatten på dagens nivå i komande periode.
- Veksten i kommunale avgifter skal ikkje auke utover prisstiginga målt ved konsumprisindeksen utan at det har ei konkret forklaring.
- Vi bør vurdere om avskrivingstider kan utvidast på sjølvkostområda.
- Volda Høgre vil ha kontinuerlig fokus på at kommunen vår er effektivt driven samanlikna med andre kommuner.

Volda Høgre sin planstrategi

Vår plattform

Kommunestyret skal tidlig i kvar kommunestyreperiode vedta kommunen sin planstrategi (Plan- og bygningslova §10-1).

Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytta til samfunnsutvikling, mellom anna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

Kommunestyret skal ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal videreførast utan endringar. Som del av dette kan kommunestyret ta stilling til om det er behov for å sette i gong arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast.

Strategien bør innehalde:

- overordna føringer
- utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunns- og arealutvikling og kommunal tenesteyting
- vurdering av planbehov
- framlegg til prioritering av planoppgåver

Volda Høgre

- I Volda kommune er det kommunale planarbeidet relativt godt organisert og strukturert.
- Volda Høgre vil arbeide grundig med revidering av kommunen sin planstrategi, innhaldet i og prioriteringane i planstrategien. Vi må vurdere spesielt om tilhøva for lavinntektsfamilier må ha ein eigen plan.
- Volda Høgre er lojale til eigne vedtekne planar.
- Samtidig må vi vere **dynamiske nok** til å kunne vurdere å gripe moglegheiter som kjem vår veg. Langsiktig planlegging av tilgang på areal er sentralt i dette.
- Vi vil særleg fokusere på at planprosessane, metodikken og til slutt planane er dynamiske nok sett i høve til samfunnet som endrar seg stadig oftare og raskare - svært ofte kan vi ikkje sjå i dag kva som er utfordringane våre i morgen eller over-i-morgen.
- Miljøomsyn og FN sine berekraftsmål vil vere sentrale i vår planstrategi.

Volda Høgre sin økonomiske strategi

Vår plattform

Volda Høgre står for trygg og stødig økonomisk styring av Volda kommune.

Vi er gjerne med på kommunale satsingar, men alltid innanfor berekraftige rammer.

Du skal forstå korleis Høgre prioriterer økonomisk i Volda kommune, og du skal vite kva du får når Volda Høgre legg premissane for økonomien i kommunen.

Skattepengane dine skal forvaltast så effektivt som råd og du skal få så mykje tenester som mogleg når du treng det.

Kommunen har ein **Økonomiplan 2022-2025** som legg føringar fram til 2025.

Kommunale budsjett er årvisse og skal vedtakast kvart år.

Volda Høgre

- I Volda kommune er den kommunale økonomistyringa relativt godt organisert og strukturert.
- Volda Høgre vil arbeide grundig med revidering av kommunen sin Økonomiplan, innhaldet i og prioriteringane i denne for å kunne legge politiske føringar tidleg i prosessen.
- Volda Høgre er lojale til eigne vedtekne økonomiplanar og budsjett.
- Samtidig må vi vere **dynamiske nok** til å kunne vurdere å gripe moglegheiter som kjem vår veg.
- Volda Høgre si målsetting er å halde eigedomsskatten på dagens nivå i komande periode. På lengre sikt ser vi etter moglegheiter for å redusere eigedomsskatten.
- Volda Høgre har ingen planar om å endre nivået på den kommunale delen av formuesskatten.
- Alle stabs- og tenesteområde skal drivast like effektivt som, eller betre enn, samanliknbare kommunar (KOSTRA-basert).
- Sjølvkostområda skal ha effektivitetskrav og kommunale avgifter skal ikkje auke meir enn prisstiginga uten konkret og forklart årsak.